



Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Senior- og Brukarrådet	041/25	10.11.2025
Arbeidsmiljøutvalet	012/25	11.11.2025
Ungdomsrådet	036/25	11.11.2025
Utval for levekår	063/25	12.11.2025
Administrasjonsutvalet	015/25	19.11.2025
Utval for lokal utvikling	060/25	20.11.2025
Time formannskap	074/25	26.11.2025
Time kommunestyre		

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-2029.
2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2026.
3. Skatt på inntekt og formue vert fastsett i samsvar med det høgste skatteøyet som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.25	Nye	Reduserte	31.12.26
Oppvekst	643,2	9,5	11,2	641,5
Helse og velferd	486,5	4,0		490,5
Samfunn og kultur	153,8	7,5	5,7	155,6
Stabstenester	57,1		8,3	48,8
Årsverk i alt	1 340,6	21,0	25,2	1 336,4

5. *Kommunedirektøren har gjennom året fullmakt til å gjera endringar i stillingsramma ved auka behov for lovpålagde tenester eller som eit tiltak for å nå vedteke omstillingskrav*
6. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av delkapittel «Prisliste», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avløpsanleggs-, miljøfyrtårnsertifiserings- og seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, og dessutan frikjøpsordning for manglande felles uteoppfallsareal i Time kommune 2026*
7. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på inntil 151 223 000 kroner i 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenna låneinstitusjon, lånevilkår og avdragstid.*
b) *Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 40 millionar kroner for 2026. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*
8. *Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til følgande:*
 - a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2026 blir sett av til disposisjonsfond.*
 - b) *Amortisert premieavvik for 2025 blir utgiftsført i 2026 og dekt av disposisjonsfondet.*
 - c) *Endra pensjonskostnaden i samsvar med oppdatert informasjon frå pensjonsleverandør gjennom året. Ved behov kan kostnaden regulerast gjennom bruk av premiefond.*
 - d) *Oppdatert status på utvikling i pensjonskostnadar vil leggjast fram i tertialrapportar gjennom året.*
9. *I samsvar med eigedomsskattelova §§ 2 og 3 blir følgande vedtak fatta om eigedomsskatt for skatteåret 2026:*
 - a) *Utskrivingsalternativ: Skatt blir skriven ut på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jamfør § 3 bokstav c.*

b) *Skattesats: Eigedomsskatten blir sett til seks promille for 2026, jamfør §§ 11 og 13 første ledd.*

c) *Eigedomsskatten skal betalast i to terminar, jamfør § 25.*

10. *Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettera integreringsmidlar for mottak av flyktningar gjennom 2026 til å finansiera tenester og auka utgifter for flyktningane.*

Senior- og Brukarrådet

Fellesforslag frå **Senior og brukarrådet v/Kjell Olav Stangeland (ULK)**

Senior- og brukarrådet tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering.

SBR - 041/25 Vedtak:

Senior- og brukarrådet tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering.

Arbeidsmiljøutvalet

AMU - 012/25 Vedtak:

HAMU tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering.

Ungdomsrådet

Innstilling frå ungdomsrådet:

- Viktig at frilageret blir styrka. Utstyret blir brukt mykje og det er behov for utskifting og fornying av utstyr.
- Ønske å styrke psykisk helse for ungdom

Ungdomsrådet sine innspel vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

UNG - 036/25 Vedtak:

Ungdomsrådet tar handlings- og økonomiplanen til orientering med desse innspela:

- Viktig at frilageret blir styrka. Utstyret blir brukt mykje og det er behov for utskifting og fornying av utstyr.
- Ønske å styrke psykisk helse for ungdom

Utval for levekår

Forslag frå **Bjørghild Underhaug (KrF)**

Utval for levekår tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering.

Forslaget frå Bjørghild Underhaug vart samrøystes vedtatt.

ULE - 063/25 Vedtak:

Utval for levekår tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering.

Administrasjonsutvalet

Tilleggsforslag frå **Christer Espevik (UDF)** Nytt pkt. 11

Administrasjonsutvalet ber kommunedirektøren sørge for at dei tillitsvalde blir tekne med på råd så tidleg som mogleg i arbeidet med å fordele dei ytterlegare 14 millionane som inngår i kommunen sitt omstillingskrav. Ei eiga sak om fordeling av omstillingskravet skal leggjast fram for Administrasjonsutvalet.

Forslag frå Anders Undheim (KrF)

Administrasjonsutvalet tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering.

Tilleggsforslaget frå Christer Espevik vart samrøystes vedtatt (12 røyster).

Forslaget frå Anders Undheim vart samrøystes vedtatt med tillegg (12 røyster).

ADU - 015/25 Vedtak:

Administrasjonsutvalet tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering med følgende tillegg:

11. Administrasjonsutvalet ber kommunedirektøren sørge for at dei tillitsvalde blir tekne med på råd så tidleg som mogleg i arbeidet med å fordele dei ytterlegare 14 millionane som inngår i kommunen sitt omstillingskrav. Ei eiga sak om fordeling av omstillingskravet skal leggjast fram for Administrasjonsutvalet.

Utval for lokal utvikling**Forslag frå Kjell Olav Stangeland (Ap)**

Utval for lokal utvikling tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering.

Forslaget frå Kjell Olav Stangeland vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

ULK - 060/25 Vedtak:

Utval for lokal utvikling tek Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 til orientering.

Time formannskap

Fellesforslag frå KrF, FrP, Sp, V, Inp og H v/**Ole Jørgen Alstadsæter (H)**:

Tall i tusen kroner				
Endring investeringsbudsjettet	2026	2027	2028	2029
Oppvekst				
Monsanut barnehage, vognskur	-600			
Undheim skule, oppgraderingar	600			
Frøyland u.skule, ballbinge	1 100			
Samfunn og kultur				
Utskiftning gatelysstolper	-700			
Bryne u, symjebasseng utgreiing	-250			
Administrasjon og fellesprosjekter				
Timehallen	-150			
Sum endring investeringer	0	0	0	0
Endring låneopptak, auke	-307	-332	-355	-381
Overføring fra drift, reduksjon	307	332	355	381
Sum finansiering	0	0	0	0
Endring driftsbudsjettet	2026	2027	2028	2029
Helse og velferd				
Medikament	-200	-200	-200	-200
Inn på tunet	240	240	240	240
Demenskor	20	20	20	20
Søknad Levekår	-105	-105	-105	-105
Samfunn og kultur				
Frilager	-60	-60	-60	-60
Idrettsanlegg, tilskot	100	100	100	100
Tilskot, lag og organisasjonar	100	100	100	100
Sivdambassenget, sundagsåpent	200	200	200	200

Renter, endret låneopptak	7	21	33	47
Endring avdragsbetalinger	5	16	27	39
Redusert overføring til investeringer	-307	-332	-355	-381
Sum	0	0	0	0
Låneopptak	2026	2027	2028	2029
Kommunedirektørens forslag				
Ordinære lån (investeringer)	-151 223	-90 164	-61 288	-80 898
Endring låneopptak	-307	-332	-355	-381
Nytt låneopptak til investeringar per år	-151 530	-90 496	-61 643	-81 279

Nytt punkt 8:

8. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til følgende:

a) Kommunestyret ber kommunedirektøren om å endre praksis for amortisering av premieavvik frå 1 år til 7 år frå og med premieavviket som oppstår i rekneskapsåret 2025.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å avsetta midlar til framtidig premieavvik på eige disposisjonsfond (fond premieavvik). Måltal for disposisjonsfondet er 6 prosent av driftsinntektene eks. midlar på pensjonsfondet.

b) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2026 blir sett av til disposisjonsfond. Amortisert premieavvik for 2025 blir utgiftsført frå 2026 og dekt av disposisjonsfondet.

c) Endra pensjonskostnaden i samsvar med oppdatert informasjon frå pensjonsleverandør gjennom året. Ved behov kan kostnaden regulerast gjennom bruk av premiefond.

d) Oppdatert status på utvikling i pensjonskostnadar vil leggest fram i tertialrapportar gjennom året.

Tekstforslag:

11. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram ei sak om korleis og til kva risikoprofil, kommunens pensjonsmidler er plassert.

12. Etter inspirasjon frå Sirdal, der kommunen i samarbeid med privat næringsliv sikrer ungdom sommarjobb i 3 veker, ber kommunestyret kommunedirektøren greie ut moglegheita for tiltak som kan bidra til at ungdom i Time får arbeidserfaring.

13. Kommunestyret ber kommunedirektøren greie ut kva effekt ei auka avskrivningstid fra 40 til 80 år på alle eksisterande VA-anlegg vil kunne få.

14. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram en oversikt over dagens bysykkeltilbud, herunder hvor syklene er utplassert og statistikk for bruken av tilbudet. Ber samtidig om at kommunedirektøren utarbeide et forslag til regulering av utleie av elsparkesykler, inspirert av ordninger og reguleringer innført i Stavanger kommune.

Forslag frå **Karen Hognestad Liland (Ap)**

Endringer i investeringsbudsjettet
Økning i utgiftene legges inn med positiv fortegn
Økning i inntektene eller reduserte utgifter legges inn med negativt fortegn

Tall i tusen kroner

INVESTERINGSBUDSJETT	2026	2027	2028	2029
Oppvekst				
Sum Oppvekst	0	0	0	0
Helse og velferd				
Sum Helse og velferd	0	0	0	0
Samfunn og kultur				
Bysykler + ladestasjoner	0	400	400	400
Minibuss frivilligsentral	0	300	300	300
Øvingslokaler, forbedring akustikk	0	100	100	100
Sum Samfunn og kultur	0	800	800	800
Administrasjon og fellesprosjekt				

Sum Administrasjon og fellesprosjekt	0	0	0	0
Sum endringer i investeringer	0	800	800	800
Finansiering				
<i>1. Mva-kompensasjon (beregnes av modellen)</i>	<i>0</i>	<i>-160</i>	<i>-160</i>	<i>-160</i>
2. Økt / redusert låneopptak (legges inn av bruker)		26 408	28 276	30 401
<i>3. Overføring fra drift (beregnes av modellen)</i>	<i>0</i>	<i>-27 048</i>	<i>-28 916</i>	<i>-31 041</i>
Sum finansiering	0	-800	-800	-800
Budsjettbalanse skal være lik 0	0	0	0	0

1. *minustall; økt inntekt, plusstall; redusert inntekt*
2. *minustall; økt låneopptak, plusstall; redusert låneopptak*
3. *minustall; økt overføring fra drift til investering, plusstall; redusert overføring fra drift til investering*

Endringer i driftsbudsjettet				
Økning i utgiftene legges inn med positiv fortegn				
Økning i inntektene eller reduserte utgifter legges inn med negativt fortegn				

Tall i tusen kroner

DRIFTSBUDSJETT	2026	2027	2027	2028
Oppvekst				
Redusere kutt i sosiallærer (OSR).	0	2 000	2 000	2 000
Reversere kutt i ungdomsteam	0	830	830	830
Redusere kutt i symfoniorkester og demenskor	0	500	500	500

Sum Oppvekst	0	3 330	3 330	3 330
Helse og velferd				
Redusere kutt i psykisk helse og rus	0	600	600	600
Redusere kutt i heimetjenester og rehab	0	400	500	500
Redusere kutt i Helse og velferd generelt	0	3 000	3 000	3 000
Sum Helse og velferd	0	4 000	4 100	4 100
Samfunn og kultur				
Bysykler vedlikehold	0	200	200	200
Økt vedlikehold kommunale bygg	0	1 000	1 000	1 000
Økt tilskudd frivillige organisasjoner	0	400	400	400
Minibuss frivilligsentral	0	50	50	50
Sum Samfunn og kultur	0	1 650	1 650	1 650
Stabar				
Sum stabar	0	0	0	0
Sentral inntekter, renter og avdrag				
Eiendomsskatt	0	-35 000	-35 000	-35 000
Renter, endret låneopptak (beregnes av modellen)	0	-588	-1 644	-2 792

Endring avdragsbetalinger (beregnes av modellen)	0	-440	-1 352	-2 329
*Overføring til investeringer (legges inn av bruker)		27 048	28 916	31 041
Sum sentrale inntekter, renter og avdrag	0	-8 980	-9 080	-9 080
SUM DRIFTSBALANSE SKAL VÆRE LIK 0	0	0	0	0

*overføring fra drift til investering – positivt tall; økt overføring fra drift til investering

UTVIKLING I UTVALGTE MÅLTALL				
Kommunedirektørens forslag	2026	2027	2028	2029
Netto driftsresultat	1,7 %	1,2 %	1,0 %	0,9 %
Netto rentebærende gjeld	67,4 %	65,3 %	62,6 %	61,3 %
Overføring til investering i prosent av skatt og rammetilskudd	2,2 %	1,5 %	1,2 %	1,0 %
Nøkkeltall med formannskapets endringer				
<i>Netto driftsresultat med endringer</i>	<i>1,7 %</i>	<i>2,4 %</i>	<i>2,3 %</i>	<i>2,3 %</i>
<i>Netto rentebærende gjeld med endringer</i>	<i>67,4 %</i>	<i>63,6 %</i>	<i>60,9 %</i>	<i>59,4 %</i>
<i>Overføring til investering i prosent av skatt og rammetilskudd</i>	<i>2,2 %</i>	<i>3,2 %</i>	<i>3,0 %</i>	<i>2,9 %</i>

LÅNEOPPTAK

Tekst	2026	2027	2028	2029
--------------	-------------	-------------	-------------	-------------

Kommunedirektørens forslag ink. tilleggssinnstilling				
Ordinære lån	-151 200	-90 200	-61 300	-80 900
Startlån	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Endringer låneopptak pol behandling:				
<i>Formannskapetets budsjettendringer</i>	0	26 408	28 276	30 401
Sum endringer per år låneopptak	0	26 408	28 276	30 401
Nytt låneopptak per år	-151 200	-63 792	-33 024	-50 499

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)**

1. Kommunestyret er einig i at kommunen avhengig av aukte inntekter og ber kommunedirektøren greia ut potensialet som ligg i eigedomsskatt, moglege innretninger av skatten og kva tidsperspektiv ein må leggja til grunn for ei innføring med tanke på gjennomføring av taksering og lovpålagde prosessar i eigedomsskattelova. Kostnader vert dekkja av disposisjonsfondet.
2. Dei auka inntektene frå eigedomskatten skal å ta ned/reversere kutta som kjem frå 2027 og framover innanfor oppvekst, kultur, kommunalteknikk og helse og velferd, og betale ned gjeld slik at kommunen står meir robust i møte med nye nødvendige investeringar ny sjukeheim og symjehall.
3. Kommunestyret ber kommunedirektør å kome tilbake med egen sak som synleggjere den effekten dei aukte inntektene har på kutta. Framtidige inntekter fra eigedomsskatt skal også reknast med.

Avrøysting:

Forslaget frå Beate Aasen Bøe fekk 1 røyst og falt.

Forslaget frå Karen Hognestad Liland fekk 1 røyst og falt.

Fellesforslag frå Ole Jørgen Alstadsæter fekk 7 røyster og dermed vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med endringer.

FSK - 074/25 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-2029.

2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2026 med endringer i samsvar med følgende tabell:

Tall i tusen kroner

Endring investeringsbudsjettet	2026	2027	2028	2029
Oppvekst				
Monsanut barnehage, vognskur	-600			
Undheim skule, oppgraderingar	600			
Frøyland u.skule, ballbinge	1 100			
Samfunn og kultur				
Utskiftning gatelysstolper	-700			
Bryne u, symjebasseng utgreiing	-250			
Administrasjon og fellesprosjekter				
Timehallen	-150			
Sum endring investeringer	0	0	0	0
Endring låneopptak, auke	-307	-332	-355	-381
Overføring fra drift, reduksjon	307	332	355	381
Sum finansiering	0	0	0	0
Endring driftsbudsjettet	2026	2027	2028	2029
Helse og velferd				
Medikament	-200	-200	-200	-200
Inn på tunet	240	240	240	240
Demenskor	20	20	20	20
Søknad Levekår	-105	-105	-105	-105
Samfunn og kultur				
Frilager	-60	-60	-60	-60
Idrettsanlegg, tilskot	100	100	100	100
Tilskot, lag og organisasjonar	100	100	100	100
Sivdambassenget, sundagsåpent	200	200	200	200
Renter, endret låneopptak	7	21	33	47
Endring avdragsbetalinger	5	16	27	39
Redusert overføring til investeringer	-307	-332	-355	-381
Sum	0	0	0	0
Låneopptak	2026	2027	2028	2029
Kommunedirektørens forslag				
Ordinære lån (investeringer)	-151 223	-90 164	-61 288	-80 898
Endring låneopptak	-307	-332	-355	-381
Nytt låneopptak til investeringar per år	-151 530	-90 496	-61 643	-81 279

3. Skatt på inntekt og formue vert fastsett i samsvar med det høgste skatteøynet som Stortinget vedtek.

4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.25	Nye	Reduserte	31.12.26
Oppvekst	643,2	9,5	11,2	641,5
Helse og velferd	486,5	4,0		490,5
Samfunn og kultur	153,8	7,5	5,7	155,6
Stabstenester	57,1		8,3	48,8
Årsverk i alt	1 340,6	21,0	25,2	1 336,4

5. *Kommunedirektøren har gjennom året fullmakt til å gjera endringar i stillingsramma ved auka behov for lovpålagde tenester eller som eit tiltak for å nå vedteke omstillingskrav*
6. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av delkapittel «Prisliste», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avløpsanleggs-, miljøfyrtårnsertifiserings- og seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, og dessutan frikjøpsordning for manglande felles uteoppfallsareal i Time kommune 2026*
7. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på inntil 151 223 000 kroner i 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenna låneinstitusjon, lånevilkår og avdragstid.*
- b) *Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 40 millionar kroner for 2026. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*
8. *Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til følgande:*
- a) *Kommunestyret ber kommunedirektøren om å endre praksis for amortisering av premieavvik frå 1 år til 7 år frå og med premieavviket som oppstår i rekneskapsåret 2025.*
- Kommunestyret ber kommunedirektøren om å avsetta midlar til framtidig premieavvik på eige disposisjonsfond (fond premieavvik). Måltal for disposisjonsfondet er 6 prosent av driftsinntektene eks. midlar på pensjonsfondet.*
- b) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2026 blir sett av til disposisjonsfond. Amortisert premieavvik for 2025 blir utgiftsført frå 2026 og dekt av disposisjonsfondet.*
- c) *Endra pensjonskostnaden i samsvar med oppdatert informasjon frå pensjonsleverandør gjennom året. Ved behov kan kostnaden regulerast gjennom bruk av premiefond.*

d) Oppdatert status på utvikling i pensjonskostnader vil leggest fram i tertialrapportar gjennom året.

- 9. I samsvar med eigedomsskattelova §§ 2 og 3 blir følgande vedtak fatta om eigedomsskatt for skatteåret 2026:*
 - a) Utskrivingsalternativ: Skatt blir skriven ut på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jamfør § 3 bokstav c.*
 - b) Skattesats: Eigedomsskatten blir sett til seks promille for 2026, jamfør §§ 11 og 13 første ledd.*
 - c) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar, jamfør § 25.*
- 10. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettera integreringsmidlar for mottak av flyktningar gjennom 2026 til å finansiera tenester og auka utgifter for flyktningane.*
- 11. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram ei sak om korleis og til kva risikoprofil, kommunens pensjonsmidler er plassert.*
- 12. Etter inspirasjon frå Sirdal, der kommunen i samarbeid med privat næringsliv sikrer ungdom sommarjobb i 3 veker, ber kommunestyret kommunedirektøren greie ut moglegheita for tiltak som kan bidra til at ungdom i Time får arbeidserfaring.*
- 13. Kommunestyret ber kommunedirektøren greie ut kva effekt ei auka avskrivningstid fra 40 til 80 år på alle eksisterande VA-anlegg vil kunne få.*
- 14. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram en oversikt over dagens bysykkeltilbud, herunder hvor syklene er utplassert og statistikk for bruken av tilbudet. Ber samtidig om at kommunedirektøren utarbeide et forslag til regulering av utleie av elsparkesykler, inspirert av ordninger og reguleringer innført i Stavanger kommune.*

Årsbudsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029

Saka gjeld

Kommunedirektøren legg med dette fram forslag til årsbudsjett for 2026 og handlings- og økonomiplan for perioden 2026-2029. Forslaget er elektronisk publisert, og tilgjengeleg via kommunen si nettsida eller ved å trykka [HER](#).

Inntekts- og utgiftsrammene fastsett i årsbudsjettet for 2026 er bindande for ressursbruken i kommunen. Rammene i økonomiplanperioden er rettleiande for den komande planlegginga.

Det er formannskapet som innstiller saka til kommunestyret. Dei andre organa kan koma med ei uttale til saka.

Saksopplysningar

Kommunen skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid, og handlings- og økonomiplanen er det viktigaste økonomistyringsverktøyet dei folkevalde har. I teksten til dei ulike tenesteområda er det definerte mål og oppdrag som kommunedirektøren skal følgja opp og rapportera på i årsrapporten.

Handlings- og økonomiplanen er handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2022-2034, og viser korleis kommunen vil følgja opp satsingsområda i dei komande fire åra.

Kommunelova § 11-9 tredje ledd gir følgjande føresegn om kommunestyret si behandling av årsbudsjett og økonomiplan:

Når økonomiplanen eller årsbudsjettet skal behandles i kommunestyret eller i fylkestinget, skal medlemmene ved den endelige avstemningen stemme over forslaget til økonomiplan eller årsbudsjett som helhet. Hvis det er fremmet flere alternative forslag, og ingen av disse får flertall ved første gangs avstemning, skal det deretter stemmes over bare de to forslagene som fikk flest stemmer ved første gangs avstemning.

Som vedlegg følgjer vedtaket i kontrollutvalet som gjeld budsjett for kontroll og tilsyn 2026 og innspel til økonomiplanen frå Time kyrkjelege fellesråd.

Time idrettsråd og Time musikkråd har fått økonomiplanen til uttale etter offentleggjing, og deira uttale vil verta lagt inn som vedlegg når desse føreligg.

Spørsmål som dei ulike partigruppene har stilt til handlings- og økonomiplanen blir vedlagt når svar frå kommunedirektøren føreligg.

Kommunedirektøren vonar at handlings- og økonomiplan 2026-2029 vil gje eit godt grunnlag for politiske prioriteringar og retningsval.

Kommunedirektøren i Time, den 31.10.2025

Trygve Apeland

Vedlegg:

Time kyrkjelege fellesråd, brev Innspel til økonomiplan 2026-2029

Time kyrkjelege fellesråd, Innspill til økonomiplan 2026-2029 drift og investering

Kontrollutvalet - saksframlegg budsjett for kontrollutvalet 2026

Kontrollutvalet - saksprotokoll budsjett for kontrollutvalet 2026

Kontrollutvalet - budsjettforslaget for 2026

Uttale til handlings- og økonomiplan 2026 - 2029 frå Time kulturråd

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur